


# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 4 — OKTOBER 1976  
9. ÅRGANG

Denne gongen hovedtema: **Diakoni** i kyrkjelyden.



«Å være en diakonal kristen er å være med Jesus hos  
min neste».  
(Martin Luther)

## KYRKJELDYSBLAD FOR ARNA

Utjevar: Sokneråda i Arna.  
Redaktørar: Ingvar Fykse, Age Olausen.  
Redaksjonsnemd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær,  
Knut Brakstad.  
Forretningsfører: Monrad Uliveseter.  
Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.  
Postgiro nr. 1.3104445.  
Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

**Prestekontoret Indre Arna:** Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.  
Torsdag kl. 17.30—19.00.

**Prestekontoret Ytre Arna:** Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.  
Fredag kl. 10.00—11.30.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Fung. klokkar Severin Hammøy, Høgatun, Indre Arna.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Uliveseter, Stølsv. 15, Indre Arna.


Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00,  
og onsdag, fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjetenar Johs. Litun, Peter Jepsensv. 32, Ytre Arna.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseith, Indre Arna,  
tlf. 24 05 69, kontortid mand. — fred. kl. 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsv. 111a, Indre Arna,  
Tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna,  
tlf. 24 13 25.



PÅ LEIARPLASS ....

## «DIAKONIKYRKJELYDAR»


Kan det seiast om dei i Arna? Spørsmålet er sjeldan på bane mellom oss. Diakoni — teneste overfor medmennesket — er ikkje eit tema som pregar forkynninga og samtalen oss imellom. Og ikkje minst — det er vanskeleg å sei om dette er ein del av kyrkjelydane sitt kristne liv i dag. Me prøver kanskje så godt me kan, men stort sett går me forbi som presten og levitten gjorde det i forteljinga om den varmhjarta samaritane. Dette å ha praktisk omsut for vårt medmenneske er pr. i dag ei lite påakta side av våre kyrkjelydar sitt liv.

At me står åleine i ei slik stode, er det lite som tyder på. Det vert arbeid rundt i heile vårt land for å få kjærleiken til medmenneske og tenesta overfor det i fokus. Dette som skulle vera eit sjølvstøtt resultat av det kristne fellesskap og vår tru, saman med misjonsansvaret.

Dette var eit klart inntrykk me 7 arnabuvarar fekk som var med på Diakonilandsmøtet i Kristiansand 27.—30. mai. (4 utsendt av Arna Sokneråd). 400 kyrkjelydslemer som arbeider for diakoniens framvekst, møtte kvarandre til kvelk, oppmuntring og lærdom. Temaet «Fellesskap i menigheten — omsorg i nærmiljøet» viste oss det klare utgangspunktet diakonien må har for å kunne kallast diakoni: *Det kristne fellesskapet — kyrkjelyden — og trua på den korsfeste Jesus Kristus.* Det kom og med all kjærleik fram at ein kyrkjelyd utan diakoni er ingen sann kyrkjelyd — ikkje noko sant kristent fellesskap.

Her i Arna har kyrkjelydane sitt diakonale engasjement stort sett vore knytt til den einskilde sitt personlege engasjement. Mange har sett si oppgåve her — andre ikkje.

Forts. side 8  
3



## NYSKIPA DIAKONIUTVAL I ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjelydane sitt vikefelt må  
endrast og utvidast



## FRAMFOR ALT KJÆRLEIK

Ein stad seier apostelen Peter: — Og ha framfor alt inderleg kjærleik til kvarandre, for kjærleiken løyner ei mengd med syndar —.

Framfor alt kjærleik! I dette ordet ligg det nok inneslutta at det er andre ting som trengst og. Men kjærleiken er når det kjem til stykket det viktigaste.

Paulus framhevar det same som Peter på ein litt annan måte: — Om eg har profetgåve og kjenner alle løyndomar og eig all kunnskap, om eg har all tru, så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingen ting —. Sterke ord. Kanskje i sterkaste laget, synest vi. Men slik talar altså Bibelen om kjærleiken.

Framfor alt kjærleik, inderleg kjærleik. Ved dette forstår apostelen noko meir enn ei kjensle som grip oss for kortare eller lengre tid. Kjærleik er ikkje berre ei følelsessak. Meir er det ein aktiv vilje, ein fast holdning til å vere og gjere det beste for våre medmenneske.

Peter nemner ei motivering: Kjærleiken løyner ei mengd med syndar. Korleis kan kjærleiken løyne syndar?

Kjærleiken prøver ikkje å bere det vonde utover. Om nokon har gjort eit feiltrinn, vil kjærleiken hindre at ryktet om det breier seg. Tvertimot vil han, som Luther seier i forklaringa si til det 5. bodet, årsaka nesten, tala vel om han og ta alt i beste meining. Kjærleiken og sladderer er fiendar!

Men elles kan eg tenkje meg to ting til. For det første: Der kjærleiken får råda mellom oss, der får ikkje dei vonde kraftene som truar samlitvet mellom oss menneske lov å sleppe til. Kjærleiken dannar den mest effektive mur mot det vonde.

For det andre, og kanskje skal vi leggje spesielt merke til det: Der kjærleiken set sitt preg på vårt forhold til kvarandre, der har vi råd til å vere overberande mot einannan, tolmådige, og ikkje minst: Vi tilgjev kvarandre.

Det finst ikkje det menneske skapt som ikkje får bruk for tilgjeving. Ingen av oss er fullkomne. Av og til er vi rett og slett stygge med kvarandre, seier ting som er simple, blir sure og fornærma. Då trengst det ein kjærleik som er villig til å gløyme, setje ein strek over, så vi kan begynne på nytt.

Kristus har løynt våre syndar med sin kjærleik. Difor skuldar vi som trur på Han å løyna syndene åt kvarandre med ein slik kjærleik som alltid er villig til å tilgje.

Ingvar Fykse

Det nye Diakoniutvalet i Arna prestegjeld var samla for fyrste gong heime hos vår permitterte diakonklokkar. At dette utvalet (til forskjell fra mange andre) vil få mykje å hengja fingrane i er dei sjølv ikkje i tvil om. Denne fyrste samlinga gjekk det meste av tida til å snakka litt om utgangspunktet for diakonien i kyrkjelyden — Bibelens klare tale om tenester for medmennesket. Etter kvart var det ikkje å unngå at dei kom inn på alle dei oppgaver som ventar på si løysing. I den samanheng kom det og klårt fram at Diakoniutvalet ikkje oppfatter seg som «dei få» som skal utøva

diakoni i kyrkjelyden. Alle må her sjå si oppgåve og gjera si teneste med Gud for medmennesket.

Vi må prøva og koma over «pratinga» i kristenlivet og kyrkjelyden vår. Diakoniutvalet vil hjelpa til å få mangede i praktisk teneste. Den du kjenner best av oss i Diakoniutvalet må du gjerne ta kontakt med — oppgaver skal me saman finne mange av. Vi vil i seinare nr. av kyrkjelydsbladet kome attende til konkrete arbeidsoppgaver.

«Den som vet noe godt han kunne gjøre, han gjør synd ved å la det være». Jak. 4.17.



Den nye styreeren Kirsten Økland



med medarbeidere. Bak fra v. Den nytillsatte førskolelæreren Ellen Håugland, praktikant Ova May Nordvall, førskolelærer Liv Losnegård, praktikant Randi Bolstad, barnepleier Torunn Ask. Foran fra v. praktikant Jorunn Romslo og den som står for matlagingen Aud Oeh.

«Arna kyrkjelyd sin dagheim»

## — Viktig del av vår virksomhet

### Nå med endret besetning

Kristen barnehage? Vi dristet oss uanmeldt inn i barnehagen en ettermiddagstime i slutten av august — banket på «styrar-døra» og ventet spent. Men nei, ingen ny styrer var å finne. Til vår store forbauselse fikk vi vite at Kirsten hadde vært «ubeskjeden» nok til å starte dette barnehageåret med blindtarmoperasjon. Det ble derfor rekonvaliserende Kirsten vi møtte på trappa et par hus nedenfor barnehagen.

Hun røpet senere i vår samtale at spørsmålet vi stilte henne, lenge hadde vært i tankene hennes: *Hva gjør en barnehage til en kristen barnehage?*

Hun hadde ikke, som de aller fleste av oss, fått samlet denne problem-

foreldrenes, men være et positivt supplement.

— Å skape et miljø i barnehagen preget av kristen målsetting og livsform avhenger i stor grad av personalets livssyn. En ønsker primært stillingene besatt av personer med kristent livssyn d.v.s. personer som aksepterer og stiller seg positive til institusjonens kristne livsålsetting. Kirsten Økland understreker dette i forhold til det å forlange at tilsatte må være personlige kristne. Ved det oppnår vi bare å isolere oss både faglig og samfunnsmessig.

Menneskene og derved miljøets kristne livssyn håper Kirsten Økland skal gi barna trygghet og kjærlighet i oppveksten. Det er noe av det viktigste barna trenger. Vi trenger også hele menighetens forbønn for barn, foreldre og personale.

La oss tilslutt komme med en oppfordring om at vi viser ansvar for vår barnehage. Kirsten Økland ønsket en kassettspiller til barna. Gi din gave over bankgiro nr.:

8440.21.00868

Det er barnehagen ærlig unt.

AC

## Vi ønsker velkommen til Arna Unge Hjem:

6. oktober: Distrikts sosialsjef Taule tar opp emnet «Funksjonshemmede barn».

Sted: Garnes barneskole.

4. november: «Førstehjelp i hjemmet» v/J. K. Livden.

Sted: Adnamarka skole.

1. desember: Adventmøte.

Sted: Garnes barneskole.

Alle møtene tar til kl. 20.00.

I neste kyrkjelydsblad, okt./nov.:

Hovedtema

— vårt kristne oppsøplingsansvar

— leiar

— Ny diakonal ettåring

— Litt her og litt der

— Noko frå kyrkjelydslemer?

— Barneside

«Da duger det ikke lenger med bare stasjonerte etablerte menigheter som har satt opp en plakatt på stranden: Skibbrudne kan henvende seg her— og som sitter trygt og varmt med kaffen, varme og tørre klær til evnt. noen driver i land». Biskop Erling Utne.

Tida er inne til å gjera dette engasjementet til ei felles oppgåve ei organisert og uorganisert teneste som spring ut frå våre kristne fellesskap. Den uorganiserte diakonien må halda fram, men vi kan utvida denne delen av kyrkjelydane si verksemd ved ei viss organisering. Ikkje organisering for organiseringa si skuld, men organisering for å få med den som har tapt tenesta av synet i kristenlivet sitt. Og ikkje minst det eigentlege målet: Når dei mange som sit og ventar på ei hand, ein samtale, eit sant medmenneske.

Ei spe byrjing på denne organiseringa er kome i gang. Sokneråda i Arna har oppnevnt eit diakonitival som skal inspirera til og utvikla diakonien i kyrkjelydane og elles leggja til rette for praktisk teneste som DU skal få vera med å utføra. Diakonen er naturleg nok den daglege leiar for denne verksemda. Denne gruppa treng forbøn og støtte i dette nye og krevjande arbeidet i kyrkjelyden. Det er ikkje, og må heller aldri bli, oppfatta slik at denne gruppa skal stå for heile det diakonale arbeidet i kyrkjelyden. DET er ditt og derved kyrkjelyden sitt ansvar - DIAKONIKYRKJELYDENS.

*«Må Gud skape mere diakonale menigheter som innad har levende kjærlighet og omsorg for hverandre, og må Gud signe oss alle så vi kan være en kirke som kan demonstrere hans selvhengivende kjærlighet til alle mennesker i nød.» (Biskop Erling Utne)*  
A. C.

### BIBELTIMAR I ARNA KYRKJE

Mange i kyrkjelyden har gjeve uttrykk for personleg trong for ei djupare innsikt i Guds ord og dei bibelske sanningane. Med dette for auga har vi lagt opp til ein serie bibeltimar i Arna kyrkje. Vi har plukka ut ein del emne som vi trur kjennest aktuelle for mange, og som det er særleg trong for å få belyst. Gjennomgåande vil det bli ein bibeltime for månaden (unnateke desember) frå september til april neste år.

Førebels er programmet klart for dei fire første bibeltimane, og det ser slik ut:

Onsdag 29. september:

«Kvifor og korleis skal vi be?» v/cand. theol. Arne Dahl.

Onsdag 27. oktober:

«Teikn i tida for Jesus kjem att» ved res. kap. Ingvar Fykse.

Onsdag 24. november:

«Helbreding ved bøn og handpålegging» ved pastor Reidar Paulsen.

Onsdag 26. januar:

«Tru verksam i teneste» ved pastor Audun Tang.

Resten av programmet vert kunningjort seinare.

Alle møta kl. 19.30.

VELMØTT

## Vel møtt til nytt konfirmantår!

Eit nytt konfirmantår er begynt. Det varer frå innskrivingsdagen og fram til konfirmasjonsdagen.

Arbeidet med dykk unge i konfirmantåret er ein del av det guddommelege oppdraget kyrkja fekk av Jesus då han sa:

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med dei de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, er eg med dykk alle dagar så lenge med dykk alle dagar så lenge verda står.» Mt.28.18-20.

I dåpen vart du gjort til eit Guds barn og tatt inn i den kristne kyrkja. Saman med kyrkjelyden tok for eldre og faddrar på seg eit stort ansvar: dei skulle gi deg kristen opplæring.

I heimen din og på skulen har du fått læra å kjenna han du er døypt til, Jesus Kristus. I konfirmantida vil du koma til å læra meir om kva kristendommen går ut på.

Men Jesus baud oss ikkje berre å læra, men å hjelpa deg til å leva som ein kristen. Og er du komen bort frå Jesus, vil vi hjelpa deg til å finna tilbake til han.

Konfirmantida kan bli ei rik tid for deg. Det blir ho dersom du sjølv tar aktivt del i det vi skal ha føre i denne tida. Vi synes det er ekstra fint om du ofte er å sjå ved gudstener i kyrkja, gjerne saman med foreldra dine.

Konfirmantida angår jo også konfirmantforeldra. Vi vil difor leggja opp til fellesskap og samarbeid til beste for dei unge. Vel møtt!

H. Haugsvær

## Barneparkering under gudstjeneste i Ytre Arna

No er det på tide å skrive litt om dette i kyrkjelydsbladet. Vi starta med barneparkeringa i førstinga av januar. Men det blei berre med starten. Nokre dagar etter sprang eit vassrøyr lekk i Kyrkjelyds huset, og skadane vart så vidt store at all bruk av huset måtte stanse.

Men no kan vi begynne på'an igjen. Fru Betty Hinna som av sokerådet leiger ein del av huset og hagen til barneparkering, har sagt at vi kan få vere der med dei små medan mor og far er i kyrkja. Det takkar vi fru Hinna for.

Det er 7 vaksne og pålitande damer i Ytre Arna som har tatt på seg ansvaret å sjå etter dei små medan foreldra er i kyrkja. Dei bytestom barnepasset frå søndag til søndag.

Når ikkje anna er sagt, blir det barneparkering under kvar søndagsgudstjeneste. Vi opna ca. 1045, og foreldra hentar borna når gudstjenesta er slutt.

Vi vonar mange småbørnsforeldre vil nytta seg av tilbodet. Alt er sjølv sagt gratis.

IF

# Familieside



Arna:

## DØYPTE:

- 22.05 Jahn Terje Sætre Smørdal, Lillian Evy Sætre Smørdal, Anne Louise Løvteit.
- 23.05 Olav Blom, Bente Cecilie Brusdal.
- 06.06 Egil Hauge, Marianne Blomdal Karlsen, Liv-Jorunn Rolland, Ernst Norvall Bøe.
- 12.06 Thomas Hjelme, Joakim Skuggen, Kjartan Furnes Skulstad, Hogne Furnes Skulstad, Monica Venheim.
- 13.06 Kristian Fururskjeg, Gaute Holstad, Kathrine Kolstad.
- 20.06 Hilde Øye.
- 26.06 John Are Garnes, Arne Veseth, Bjørn Steine.
- 27.06 Linn Jensen, Karina Margrethe von Mehren, Tom Jensen.
- 02.07 Monica Jensen, Ingerid Elin Jensen, Johnny Jensen.
- 04.07 Lars Bernhard Birkeland.
- 10.07 Linn Drage, Elisabeth Ivarsflaten, Renate Margrethe Nilsson, Cecilie Sævdold Einarsen, Thomas Busshart.
- 11.07 Gro-Anita Sæbø, Arne Waage.
- 24.07 Raymond Knutsen, Frode Sævig Eriksen, Toril Jensen.
- 30.07 Marianne Mjælde.
- 15.08 Kathrine Therese Fjellanger, Laila Berg, Stine Alise Henanger, Robert Bergsvik, Jostein Høpe.
- 21.08 Thomas Berge, Marita Løvaas Fotland.
- 28.08 Linda Christophersen, Bodil Tunestveit.

## EKTEVIGDE:

- 22.05 Knut Samson Wendelbo Aanensen og Gunn Karin Kalland.
- 12.06 Oddvin Hekland og Reidun Irene Minde.
- 19.06 Tord Arne Larsson og Berit Solberg, Frode Minde og Sissel Judith Iversen, Asbjørn Andreas Lie og Elisabeth Erichsen.
- 26.07 Rolf Sæterdal og Laila Karin Skjøndal.
- 02.07 Helge Eilertsen og Eli Thornquist.
- 03.07 Trond Hatlebrekke og Kjersti Koch.
- 09.07 Jan Nesse og Britt Tove Thunestvedt.
- 10.07 Bernt Egil Waage Fjærestad og Bente Karin Kvammen.
- 24.07 Harald Vedå og Bjørg Hartveit.
- 30.07 Øyvind Tveiterås og Unni Christensen.
- 31.07 Nils Arne Lavik og Jenny Eide.
- 14.08 Atle Martin Berge og Olga Mariann Solberg.
- 21.08 Ove Taranger og Jenny Anita Nævdal, Nils Jakob Eide og Marit Lothe, Hilmar Ivarsflaten og Hjørdis Karin Karlsen.
- 28.08 Trygve Dønne og Agnes Garnes.

## AVLIDNE:

- 13.05 Leif Nesheim.
  - 19.05 Leonard Johan Larsen.
  - 22.05 Anne Marie Arnetveit.
  - 11.06 Lars Bråtland, Hans Eliot Berg Hansen.
  - 15.06 Lauritz Landås.
  - 25.06 Olivia Maria Mjeldheim.
  - 02.07 Malena Solberg.
  - 09.07 Brit Bergljot Heggheim.
  - 16.07 Geir Vaular.
  - 18.07 Edvard Skulstad.
  - 19.07 Konrad Johan Morken.
  - 21.07 Ragna Garnes.
  - 26.07 Mathias Herland.
  - 27.07 Otto Helmer Michelsen.
- Ytre Arna:
- ## DØYPTE:
- 30.05 Britt Nina Kleppe.
  - 12.06 Ken Heine Olsen (Arna), Vegar Sæther Nilsen (Arna).
  - Jill Therese Loftnesnes (Arna).
  - 27.06 Tor Eirik Bøge, Remy Andre Monsen.
  - 04.07 Audun Turøy, John Natås.
  - 01.08 Silje-Irene Olsen.
  - 21.08 Tore Rosvoll (Arna), Katrine Lavik (Arna), Cathrine Løvaas (Arna).
  - 22.08 Hans Petter Wilhelmsen, Gertie Hegdal.
  - 28.08 Geir Valestrand Aasheim (Arna).
  - 24.07 Espen Sagstad (Arna).

## VIGDE:

- 29.05 Kåre Agnar Kalsås og Marianne Barmen, Eirik Gunvald Kalsås og Torill Pettersen.
- 12.06 Geir-Henrik Nygaard og Marit Thunes.
- 19.06 Nils Gunnar Hjortland og Marit Kritine Glosvik.
- 26.06 Jan Fredrik Skorpen og Gudny Hunshamar.
- 03.07 Jan Halvor Tennebø og Grethe Henny Reigstad.

## AVLIDNE:

- 13.06 Marta Margrethe Ekanger, f. 1918.
- 14.06 Anna Johanna Brudvik, f. 1877.
- 14.07 Malvin Oliver Vevle, f. 1920.
- 09.08 Johan Valestrand, f. 1899.

## Fireåringane sin dag i Indre Arna

Søndag 24. oktober 1976 er ein spesiell dag for alle som er i fireårsalderen i Indre Arna kyrkjelyd. Då innbyr vi dei saman med mor og far til ei familiegudsteneste. Etterpå skal vi vere saman ei lita stund i bedehuset. Her blir det noko for dei vaksne og noko for borna, — ved sidan av at alle skal få saft eller kaffi og bollar.

Men dei som er fire år, vil få kvar si gåve frå kyrkjelyden. Eit pen bok: «Mi kyrkjebok» heiter ho.

I denne boka står det mellom anna

## «LITT HER OG LITT DER»

Som den oppmerksomme lesar kanskje har sett, er bladet noe endret i dette nr. Vi innfører en del faste poster som: «På leiarplass», «Barnesiden», «Litt her og litt der», «Eitt ord til deg» og den vanlige familiesiden. Vi kunne også tenke oss å innføre en «Ordet fritt» side. Her kan menighetens unge/gamle få skrive om det som ligger dem på hjertet. Hva som helst kan vi ikke love å ta inn, men bare sett i gang — hjelp gjerne redaktørene med stoff.

3. prest? Soknerådet arbeider for å få tilsatt 3. prest i Arna. Søknad er fremmet — nå er det bare å vente og håpe.

Fra 1. sept. engasjeres det på ny diakonal ettårig som vi presenterer i neste nr.

Hvor ble det av Angunn og Ingrid? Angunn: Betania Sykepleieskole. Ingrid: Sosial praksis ved Neevengården sykehus. Dette for å komme inn ved Diakonhjemmets sosialskole.

Tidl. diakonklokker Thor Storerud er tilsatt som bestyrer ved Birkeland sykehjem v/Kristiansand.

mange sanger. Og vi skal prøve å lære nokre av desse. Dessutan blir det fleire andre ting vi vil syna dei vaksne.

Vi vil prøve å nå alle som er fire år med ein spesiell invitasjon til denne dagen. Men det kan henda at vi ikkje klarar å finne fram til alle. Difor seier vi at alle 4-åringar i Indre Arna kyrkjelyd er spesielt velkomne denne dagen saman med mor og far!


Helsing

IKO-nemda

For Arna kyrkjelyd

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

## « F O K U S »

Espeland

Lone Handel A/S

Hele bygdas lavprisbutikk.

Manuell kjøttvareavdeling med nye knalltilbud hver uke. (Middagspølse i metervis.)

På sykkel, bil eller buss, ikke stuss, legg turen direkte til «Fokus».

**OBS. Torsdag åpent til kl. 19.00.**



## Vår nye mann i Arna — Olav A. Hovden — har fått nytt kontor.

Med sin solide forsikringsmessige bakgrunn er Hovden vel kvalifisert til å ordne med Deres forsikringer.

Han blir å treffe på kontoret i Indre Arna mandag — onsdag — torsdag og fredag mellom kl. 10.00 og kl. 13.00. Torsdag og så mellom kl. 16.00 og kl. 18.00.

## Storebrand·Fidun

Postboks 17 — 5260 Indre Arna  
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VAREALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188  
Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN**

FORSIKRINGSSELSKAPET  
**VESTA**  **HYGGEA**  
LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 232050

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

# Velkommen til kyrkje ✠

## PREIKELISTE FOR ARNA

- 10.10 Arna: Sokneprest Finn Halle Tvedt. Presentasjon av konfir-  
mantane. Barnevakt.  
Trengeleid: Res. kap. Ingvar Fykse. Nattverd.
- 17.10 Arna: Res. kap. Ingvar Fykse. Nattverd. Barnevakt.  
Ytre Arna: Sokneprest Finn Halle Tvedt. Offer til barnevernsin-  
stituttet Dronning Maud's minne. Barnevakt. Kl. 19.00 Ungdoms-  
gudstjeneste ved res. kap. Fykse.
- 24.10 Arna: Familiegudstjeneste ved sokneprest Finn Halle Tvedt. Et-  
ter gudstenesta samvær for born og foreldre i Indre Arna bede-  
hus.  
Ytre Arna: Res. kap. Ingvar Fykse. Barnevakt.
- 27.10 Arna kl. 19.30: Bibeltime ved res. kap. Fykse.  
Tema: «Teikn i tida før Jesus kjem att».
- 31.10 Arna: Res. kap. Ingvar Fykse. Barnevakt.  
Kl. 18.00 Ungdomsgudstjeneste ved res. kap. Fykse.  
Kl. 19.00 Misjonsmøte for ungdom i Indre Arna bedehus.  
Misjonsfilm.  
Ytre Arna: Sokneprest Finn Halle Tvedt. Barnevakt.
- 07.11 Arna: Sokneprest Finn Halle Tvedt. Barnevakt.  
Takvram kapell kl. 16.00: Gudstjeneste m/nattverd ved res. kap.  
Fykse.  
Ytre Arna: Res. kap. Ingvar Fykse. Nattverd. Offer til Menig-  
hetsfakultetet. Barnevakt.
- 14.11 Messefall i Arna kyrkje i samband med vigslinga av Indre Arna  
bedehus.  
Ytre Arna: Res. kap. Ingvar Fykse. Frå Santalmisjonen tek  
Anne Lis og Terje Holmedal del. Offer til Santalmisjonen. Barne-  
vakt.
- Kl. 19.00: Jubileumskonsert ved Haugland Songlag. Andakt ved  
res. kap. Fykse.
- 21.11 Arna: Familiegudstjeneste ved sokneprest Finn Halle Tvedt.  
Bornas misjonsdag.  
Kl. 19.00: Ungdomsgudstjeneste ved sokneprest Tvedt.  
Ytre Arna: Res. kap. Ingvar Fykse. Familiegudstjeneste. Bornas  
misjonsdag.  
Trengeleid: Kl. 18.00: Res. kap. Fykse. Nattverd.
- 24.11 Arna kl. 19.30: Bibeltime ved pastor Reidar Paulsen.  
Tema: «Helbreding ved bøn og handspålegging».